



Knarvik Barnehage AS  
Lonsvegen 76  
5914 ISDALSTØ

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 17/1728 - 19/12265

Saksbehandlar:  
Astrid Namtvedt Sylta  
syas@lindas.kommune.no

Dato:  
24.05.2019

## Rapport frå tilsyn i Knarvik barnehage 04.03.2019

Det er barnehagen / barnehageeigar som er målgruppa for tilsynsrapporten. Rapporten skal beskrive tema for tilsynet, formidle dei rettslege krava, kva vi har undersøkt, våre vurderingar og kva vi har konkludert med.

### Tema for tilsynet

Det er gjennomført tilsyn med Knarvik barnehage der temaet var, sitat rammeplan:

- *Barnehagen skal fremje kommunikasjon og språk.*
- *Kommunikasjon, språk og tekst.*

Tilsynsmynde har vurdert om barnehagen har ei drift som er lovleg og forsvarleg i høve til Barnehagelova og forskrift. I Rammeplan under kapittel *Barnehagen skal fremje kommunikasjon og språk, og Kommunikasjon, språk og tekst*, kjem det tydeleg fram kva barnehagen skal leggje til rette for i arbeidet med språk og kommunikasjon. Med utgangspunkt i dette har tilsynsmynde gjennomført tilsynet i Knarvik barnehage.

Før tilsynet vart gjennomført ba rådmannen om å få tilsendt følgjande dokumentasjon:

- Barnehagen sin årsplan.
- Anna relevant dokumentasjon i høve til tema språk og kommunikasjon.
- Plan for implementering av ny rammeplan, fokus på språk og kommunikasjon.
- Kompetanseplanar.

### Formålet med tilsyn/rettslege krav

#### § 16. Tilsyn

*Kommunen fører tilsyn med virksomheter etter denne lov.*

*Kommunen kan gi pålegg om retting av uforsvarlige eller ulovlige forhold ved godkjente eller godkjenningspliktige virksomheter. Hvis fristen for å etterkomme pålegget ikke overholdes, eller hvis forholdet ikke lar seg rette, kan kommunen vedta tidsbegrenset eller varig stenging av virksomheten. Kommunens stengingsvedtak skal sendes fylkesmannen til orientering.*

*I stedet for eller i tillegg til stenging av virksomheten, kan kommunen bruke økonomiske reaksjoner overfor ikke-kommunale barnehager dersom krav etter § 14 a, eller forskrift i medhold av samme bestemmelse, ikke er overholdt.*



*Vedtak om retting og stenging og vedtak om anvendelse av økonomiske reaksjonsmidler kan påklages til fylkesmannen.*

Tilsynet er dei aktivitetar som kommunen utøver for å sikre seg at barnehagane vert drivne i høve til krav i Barnehagelova og forskrift. I tillegg til å kontrollere om lovverket vert følgd, er det eit tilsynsansvar å gjere faglege vurderingar og gje rettleiing. På nokre område gjev lova detaljerte føringar, medan det på andre område er ope for skjønn.

I tilsynsoppgåva ligg det at det skal førast kontroll med at barnehagane følgjer gjeldande regelverk, og at det vert gitt reaksjonar når ikkje krav vert oppfylte.

Rapporten omhandlar resultat frå tilsynet som var meldt 07.02.2019 og som vart gjennomført 04.03.2019.

### **Gjennomføring av tilsynet**

Tilsynet er gjennomført ved å hente inn og vurdere dokumentasjon. Det vart gjennomført samtale etter oppsett plan.

Oversikt over personar som mynde hadde samtale med under tilsynet :

Namn	Stilling
Maria Hetlebakke	Foreldrerepresentant/ SU representant
Sølvi Sivertsen	Barne- og ungdomsarbeider
Hildur Frigstad	Pedagogisk leiar
Harald Berge Breistein	Eigar
Agnes Sønstadbø	Dagleg leiar

Tilsynet vart gjennomført av Astrid Namtvedt Sylta, Lindås kommune og Åshild Hope Herland, Austrheim kommune.

### **Våre vurderingar**

I tilsynsbesøket møtte tilsynsmyde representantar frå dei ulike yrkesgruppene i barnehagen. Mynde hadde også samtale med foreldrerepresentant. Gjennom samtalane fekk mynde oversikt over korleis det vert arbeidd med tema språk og kommunikasjon i barnehagen, og kva kompetanse som er i barnehagen. Mynde fekk og informasjon om korleis foreldre vurderer barnehagen.

Knarvik barnehage er eigd av Nordhordland Indremisjon og Norsk Luthers Misjonssamband. Barnehagen vert driven med eit kristent føremål, jfr sitat frå vedtekten til barnehagen.

*I samsvar med barnehagelovens § 1a andre ledd, blir barnehagen drevet med et kristent formål.*

*Kristen tro, etikk og menneskesyn skal være grunnlaget for alt som barnehagen foretar seg.*

I samtale med foreldrerepresentanten, som og er SU medlem, fekk mynde eit godt innblikk i «livet» på ei småbarnsavdeling. Barnehagen jobbar etter DUÅ-prinsippa, og foreldrerepresentanten gav uttykk for at barnehagen er gode på omsorg / tar seg tid med barna, og har fokus på alt som er positivt. I barnehagen syng dei mykje, dei har eventyrstund, og dei nyttat *teikn til tale* og biletar som ei forsterking i språkarbeidet.

Foreldrerepresentanten var kjent med at barnehagen jobbar med språkløyper. Elles fortalte ho om godt samarbeid mellom heim /barnehage. Ho gav døme på utfordringar der barnehage og heim hadde utarbeidd planar for å reagere likt. Elles fortalte ho at alle foreldrerepresentantane hadde møte med styrar i samband med arbeidet med ny årsplan. Foreldrerepresentanten hadde ikkje fått negative tilbakemeldingar frå andre foreldre i barnehagen.

Tilsynsmynde hadde også samtale med styreleiar i Knarvik barnehage. Det er han som har medarbeidarsamtale med styrar i barnehagen. Styreleiar fortalte at styret sitt fokus er å leggje til rette for gode «kår» i Knarvik barnehage. Barnehagen har mellom anna meir bemanning enn det som er strengt tatt nødvendig. Meir fast personale fører til mindre bruk av vikarar. Pedagogane si plantid vert dekka opp av andre tilsette. Knarvik barnehage har tilsett ein pedagog i 50 % stilling som har arbeidoppgåver knytt til språkarbeid, språkproblematikk og minoritetsspråklege barn. Styret støttar personalet som vil ta vidareutdanning.

Dette barnehageåret er språk og språkløyper satsinga til Knarvik barnehage. I forkant av tilsynet fekk mynde overlevert mykje, og god dokumentasjon, som viser språkarbeidet i Knarvik barnehage. I samtale med dei tilsette fekk mynde høyre om morgonsamlingar der dei har faste rutinar for å telje, snakke om dag, dato, månad og årstal. Barna fekk og lære at like ord kan bety ulike ting. Barnehagen jobbar med språkløyper og dei nyttar TRAS. Dei tilsette har hatt opplæring i dialogisk lesing. Denne metoden vert mellom anna nytta når dei tilsette les for primærbarna sine. Barnehagen jobbar mykje med drama, både ute og inne. I dette arbeidet sikrar dei tilsette at dei er innom alle fagområda. Pedagogisk leiar fortalte korleis dei tilsette fordelte ansvaret for fagområda mellom seg, og korleis dei delte erfaringane med kvarandre. Ho kom med ei slik presisering, sitat: *«alt arbeidet i barnehagen handlar om rammeplanen, DUÅ, språkløyper, dialogisk lesing m.m er metodar og verktøy i dette arbeidet».*

Knarvik barnehage er ein DUÅ barnehage. Alle mynde hadde samtale med snakka varmt om denne metoden . *«DUÅ er heilt fantastisk, eit kjempeverktøy»*, sa ei av dei tilsette.

I Knarvik barnehage les dei for barna kvar dag. Bøker, både på nynorsk og bokmål, er lett tilgjengelege. Ved å lese mykje, og gje barna gode og spanande opplevingar gjennom bøkene, utviklar også leiken seg.

Styrar i Knarvik barnehage fortalte om korleis det vert jobba i barnehagen i høve til leiarteamet. Dei pedagogiske leiarane har fast arbeidstid kvar dag. Arbeidet i plantida vert gjort i barnehagen. Styrar og leiarteamet har felles plantid kva morgen. I tillegg er det morgonmøte med representant frå kvar avdeling. Kvar avdeling lagar gode planar for det pedagogiske arbeidet sitt. Dette er viktig for at styrar skal ha oversikt over dei ulike avdelingane.

Knarvik barnehage har eit mål om at dei skal gjennomføre lesegrupper 3 gongar i veka. Vidare ønskjer dei å kome i gang med leselogg for å ha betre oversyn over at alle barn vert lese for.

## Konklusjon

Knarvik barnehage oppfyller krava i Rammeplanen i høve til arbeidet med språk, tekst og

kommunikasjon.

**Samsvar med Barnehagelova**

Tilsynsnemnda har i tilsyn med Knarvik barnehage ikkje avdekkja lovbroter.

Med helsing

Kristin Moe  
kommunalsjef

Astrid Namtvedt Sylta  
rådgjevar oppvekst

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

Knarvik Barnehage AS

Lonsvegen 76      5914

ISDALSTØ